

Møtereferat

Dato: 07.06.2018

Emne:	Referat frå møte samarbeidsprosjekt Nordhordland 31.5.18	
Til stades:	Hillevi Runshaug, Kari Bruvik, Kjersti Daland Næss, Rune Nesse, Gurid Helene Espe, Baste Tveito, Tor Ivar Sandvik	
Forfall:	Svein Heggheim, Linda Farestveit, Torbjørn Mjelstad, Øyvind Oddekalv, Heidi Bjønnes Larsen, Anne Sara Svendsen	Sak: 2014/10030-123
Møtetid:	1300-1500	Møtestad: Austrheim vgs

Møteleiar: Tor Ivar Sandvik

Referent: Tor Ivar Sandvik

Saknr.	Tema	
7/18	Godkjenning av referat frå møte 21.2.18	Godkjent utan merknader
8/18	<p>Prosess arbeid med opplæringsmodellar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Aktivitetar sidan sist - Kontakt/avtalar med bedrifter - Konkretiserte opplæringsmodellar 	<p>Austrheim vgs</p> <p>Workshop gjennomført 11. april med bedrifter. Alternativ modell, samarbeidsavtalar og vurderingsskjema var hovudtemaa. Bedriftene er generelt positive til prosjektet, og hadde få innspel på modell.</p> <p>Modell legg opp til variantar av blokkdagar, der elevane vekslar mellom praksis i bedrift og klasseromsundervisning. Modellen blir implementert på Vg2 (15 elevar), og elevane vil ha første praksisperiode i uke 42.</p> <p>Per i dag har skulen skrive samarbeidsavtalar med fire bedrifter, som gir praksisopplæring for fire elevar. Sjølv om bedriftene er positive til prosjektet, tek det tid å lande avtalane. Skulen held trykket oppe mot skulestart.</p> <p>Næringslaget kan hjelpe til med rekruttering ved behov.</p> <p>Kva skal lærarane gjere? Ein viktig del blir oppfølging av elevar ute i praksis. For fellesfaglærarar kan det bli noko auka arbeidsbelastning i perioder. Tre alternative modellar for blokkdagar har vore diskutert med lærarane. Skulen har ikkje starta detaljering enda, men fleirtalet er positive til prosjektet.</p> <p>Elevane er ikkje informerte enda. Skulen må selje inn prosjektet.</p> <p>For å vurdere/evaluere modellen, må ein benchmarke ein del sentrale indikatorarar knytt til kvalitet. Prosjektleiar vil hjelpe skulen i arbeidet.</p> <p>Knarvik vgs</p> <p>Skulen har vore i kontakt med fleire bedrifter, men opplever det vanskeleg å</p>

		<p>konkretisere vidare planar og samarbeid. Utgangspunktet var å prøve ut modell på Vg1, men har enda fokus til Vg2, då det kan gjere det lettare å få til prosjektet. Det er eit ønskje å ein form for rotasjon der elevane er utplassert i fleire bedrifter.</p> <p>Skulen ser det som essensielt å få med Framo Flatøy, Framo Holsnøy og Bergen engine for å starte opp prosjektet. Mongstad kan også vere aktuelle, men det vil gi lang reiseveg for elevane.</p> <p>For å skape framdrift i arbeidet, er det avtalt at Rune Nesse går via næringslaget som også kan jobbe inn mot bedriftene i regionen.</p> <p>Løypemelding til politisk nivå i HFK blir skrive til hausten.</p>
9/18	<p>Arbeid med kunnskapsgrunnlag Nordhordland</p> <ul style="list-style-type: none"> - Søknad til regionalavdelinga - Samarbeid med UiB - Framdrift 	<p>NONL har bede regionalavdelinga om utbetaling av 50 pst av tilskot til prosjektet, basert på rekning frå UiB.</p> <p>Intervjuguide er ferdig, og prosjektet har starta arbeidet. Intervju ferdigstillast i sommar, med førebelse resultat i veke 40. Tolking og analyse siste kvartal 2018.</p> <p>Lindås kommune har gått inn i prosjektet med 150 000 kr, med merknad om at styringsgruppa for prosjektet ikkje er nok politisk forankra. Det er avtalt at prosjektleiar Grete Rusten sikrar denne forankringa gjennom regionrådet Nordhordland.</p>
10/18	<p>Fagtilbod skuleåret 2018/19</p> <ul style="list-style-type: none"> - Status Nordhordland - SBP 	<p>Prosjektleiar informerte om utsetting av rullering av SBP i 2020. Arbeidet sjåast inn i samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane, der eitt av delprosjekta skal føreslå dato for ein gjennomgang av skulestruktur i den nye fylkeskommunen.</p> <p>Austrheim mister Vg1 RM, Vg1 EL, Vg2 og Vg3 automatisering hausten 2018. Ein ekstra klasse Vg1 TIP blir oppretta.</p> <p>Knarvik aukar ein klasse Vg1 TIP. Skulen har søkt om forsøk om TAF havbruksteknologi. Saka har vore handsama i info- og drøftingsmøte som var positive til søknaden.</p> <p>Udir etterlyser klarare tal på kva forsøket vil gi av resultat.</p>
11/18	<p>Tilbakemelding frå Erasmus+-prosjekt i Slovenia</p>	<p>Skulane orienterte om besøk til Slovenia. Dei besøkte mellom anna ein «hotellskule» med om lag 400 elevar, der elevane stod for all drift av hotellet. Opplæringa hadde ei entreprenøriell tilnærming, og elevane blei stadig utfordra på korleis forbetre kvaliteten i heile hotelldrifta. Dei var også innoe ein stor yrkesfagskule med om lag 6000 elevar, fordelt på tre lokasjonar, og med tilbod innan TIP og automasjon.</p> <p>Opplæringa var i stor grad organisert gjennom prosjektarbeid, der elevane presenterte arbeid/løysingar for næringslivet. Bedriftene kunne også kome til skulen for å løyse reelle problemstillingar.</p> <p>Felles for opplæringa var tett samarbeid mellom skule og næringsliv.</p>
12/18	<p>Prosjektplan og ev.</p>	<p>Kort drøfta. Det blir utarbeidd milestolpar til den delen av prosjektet som</p>

	justeringar	omhandlar utprøving av nye undervisningsformar.
13/18	Møteplan haust 2018	Prosjektleiar ser på ny dato for møte i starten av september og eitt før nyttår.
14/18	Eventuelt	Ingen saker.